

Lokalt arbeidsmiljøutvalg (LAMU)
Institutt for informatikk (IFI)
Referat fra møtet mandag 4. februar 2013

Til stades: Kristin Bråthen, Øystein Christiansen, Yngve Hafting, Ole Henrik Alstad (Teknisk avd.=TA), Jan Hovde (TA), Terje Ludvig Reiersen (TA), og Svein Lund (skrivar).

Møtetid: kl 12.00 – ca. kl 13.35.

13/1 Referat/oppfølging av saker som ble tatt opp på førre møte 13.9.12

Referatet blei gjennomgått og godkjent.

Til oppfølging:

- Erfaringsoppsummering og oppfølging gjort m.o.t. brannøvinga 17.9: 2800 vart evakuert; tendens til samling av folk foran hovudinngangen. Øystein og Yngve følgjer opp med utkast til endra rutine og hms-koordinator kaller så inn etasjesvarlege for info: tilsette skal ta nærmaste rømningsdør og kome seg vekk frå hovudinngang (brannvesenet må kome lett til) og gå bak bygninga - på austsida.
- Inneklima: følgd opp; inneklimarapport låg føre i tidleg haust; stort sett alt innafor normaltoleransar. Hadde punktmålingar i november av formalhydehyd og flyktige organiske forbindelser i lokala; resultat føreligg, er gått til yrkesmedisinsk avdeling, Ullevål sjukehus for nærmare vurdering og attendemelding. Leigd kontor i KNs hus for medarbeidar.
- Obligatorisk hms-kurs for B.Sc.- studentar er under planlegging.
- Utarbeiding av enkelt handbok for tekniske installasjonar (Terje Reiersen og Terje Knudsen) er ikkje utført.

13/2 Orientering frå/til teknisk avdeling

- Ventilasjon skal gjennomgåast i heile bygget for betring høgde for høgde med firma som UiO har serviceavtale (respons= 24/7) med; dei skal rapportere 14-dagleg om stoda til teknisk direktør.
- Ventilasjonsfilterskift er no i årleg rytme; filter vart byta i september/oktober 2012.
- Radiatarar i einskilde rom i 4. og 5. høgda er kalde; TA sjekkar det.
- Persiennene er mellombels ute av funksjon i heile bygget; leverandør av styringssystemet er varsla for feilretting.
- TA har lagt inn nytt kartprogram for heile UiO elektronisk.
- Klage på manglande attendemeldingar på spørsmål om/påpeiking av feil og manglar til TA: TA vil fyrst i 2014 ha klar Expand-systemet som skal bli ei betring. (Ifi og USIT nyttar RT-systemet som fungerer bra og som kunne vurderast brukt her inntil Expand-systemet er på plass).
- Byte av lamper/ljospærar, tinge nye: TA tek runde på det; mogleg Ifi har lite lager av spesiallamper.
- HC-opnarar; fungerer ikkje overalt som intendert; m.a. i korridor vest i 4. høgda og i spesialtilrettelagt (HC-)rom 3102 for studentar (ikkje montert HC-dørøpnar her). TA tek runde med firma Låsgruppen. → framh.



-Brukar og TA tek to gonger årleg samarbeidsmøte om byggdrift; brukar kallar inn med framlegg til dagsorden - ei til to veker på førehand; fyrste møte innan juni, neste innan november.

TA gjev brukar attendemeldingar på oppfølging av dei overnemnde punkt.

13/3 Fast punkt i LAMU

Ulukker, nesten - ulukker eller uønska hendingar?

- Sprekk i glas mot gang på rom 5164. Er no byta; representerer inga fare, ifølge TA-repr.

(Ytter)vindaugekarm i spenn i same rom: Er no utbetra; utgjer heller inga fare, ifølge TA-repr.

- Adm. fått rapport frå student som sjølvforskuldt kom til å helle varmvatn frå termos på seg; branngelge tinga til fyrstehjelpsskrin.

13/4 Resultat frå vernerunde primo oktober i laboratoria

Dei einskilde lab.ansvarlege og hms-koordinator fylgjer opp og iverksetjer betringar.

13/5 Møte med reinhald

Referat frå møte halde 6.11.12 vart gjennomgått i hovudpunkt.

13/6 LAMU - seminar 8. februar

Tre verneombod og hms-koordinator er påmeldt.

13/7 Val, orientering

Val vart ikkje halde i haust innan 1.11.12. Funksjonstid til LAMU og verneombod er difor forlenga fram til val har funne stad.

Det blei gjeve ei kortfatta orientering i høve det utsendte materiale om val, valkomite o.a.

Semje om at hms-koordinator i utgangspunktet spør Jørn Hagerup, Dag Langmyhr og Stein Michael Storleer om dei kan vere ein hurtigarbeidande valkomite for (tilsette-)val til LAMU (medlemmer og varamedlemmer) og til verneombod (med varamedlemmer), sånn at val kan haldast snarast. Studentane v. fagutvalet (Fui) vel sjølv til Lamu.

Funksjonstid er fram til 1.11.14.

Eventuelt

-Utstyr/hjelpemedel i fyrstehjelpsskrin (i ekspedisjon i 1. høgda, og i 4. høgda) er supplert.

-Meir synleg merking i ekspedisjonen i 1. høgda av kor hjartestartar er plassert; vurderast også på etasjeskilt i trappegangar.

Neste møte: Torsdag 18. april 2013 kl 12-14.

15. februar 2013,
Svein Lund
hms-koordinator

